

## Infoskriv oktober 2017

### Ny skatepark

29. september blei skatebowlen endeleg opna! Mange av elevane på Ogna brukar han aktivt i friminutta på skulen, og det har vore god aktivitet på kveldar og i helgene. Det er viktig å hugse på at elevane brukar hjelm når dei er i skatebowlen. Skulen vil i løpet av hausten kjøpe inn noko utstyr som elevar kan få låne i skuletida.



### Nye Ogna skule

No går me inn i sluttfasen av byggeperioden. Me får overta bygget 4. desember, og første skuledag på den nye skulen er onsdag 3. januar 2018.

At me har fått ny skule skal sjølvsagt feirast! Detaljane rundt dette kjem me tilbake til i god tid før skulestart etter nyttår.



## **Chromebook, vårt nye digitale verktøy**

Alle elevane på 5.-8. trinn har no fått utdelt kvar sin Chromebook, og etter nyttår er det 1.-4. trinn sin tur. Me erfarer allereie no at dette aukar motivasjonen for læring hjå mange av elevane, og verktøyet gir oss mange moglegheiter til variasjon i opplæringa. Innføring av Chromebook har og vore ei bratt læringskurve for personalet, men dei har vore gode og tatt utfordringa på strak arm.



Det er viktig å hugse på at Chromebook er eit supplement til undervisninga som gir oss nye moglegheiter. Men me skal fortsatt bruke blyant, papir og lærebøker. Framover blir det viktig for alle å bruke det nye verktøyet på ein god måte til beste for elevane si læring og utvikling.

Elevane på 9. og 10. trinn har eigen bærbar PC som dei fekk utdelt då dei byrja på ungdomsskulen. Dei vil ha desse PC'ane til dei er ferdige med grunnskulen.

---

## **HUGS REFLEKS OG LYS PÅ SYKKELEN I HAUSTMØRKET!!**



Mvh  
Helge Håland  
Rektor

**Adresse:**  
Kyrkjeberget 2  
4364 Sirevåg

**E-post:**  
post.ogna.skule@ha.kommune.no

**Telefon:**  
51 43 60 60

**Organisasjonsnr:**  
964 969 590